



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 DEP
0030 OSLO

Dykkar ref.
12/5236

Vår ref.
13/5884 - EME

Dato
25.11.2013

Høring - rapportering om norsk gjennomføring av Århuskonvensjonen om tilgang til miljøinformasjon

Vi viser til brev 5.9.2013 frå Miljøverndepartementet.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande merknader:

I omtala av generelle miljøfremjande tiltak i skulen og elles under overskrifta «Utdanning og bevisstgjøring» bør det forklarast kva Kunnskapsløftet er. Formuleringa «læreplanverket for Kunnskapsløftet» gjev lite informasjon til utlendingar som ikkje kjenner norske skuleplanar relativt detaljert.

Omtala av offentleglova og offentlegforskrifta under punkt VII om juridiske og andre verkemiddel som gjennomfører artikkel 4 om tilgang til miljøinformasjon, bør endrast noko. Offentlegforskrifta § 6 pålegg mange statlege organ å gjere journalane sine tilgjengelege på Internett dersom dei fører elektronisk journal. Og dette skal skje gjennom den felles portalen Offentleg elektronisk postjournal – OEP. Denne føresegna har ikkje teke til å gjelde enno, men dei aller fleste av dei organa som vil vere omfatta av ordninga, leverer no journalar til OEP. Det blir ikkje rett å seie at dette har skjedd «i påvente» av den nye forskrifta, sidan forskrifta har vore gjeldande sidan 1. januar 2009, og det berre er § 6 som ikkje har teke til å gjelde enno.

Offentleglova har ikkje utvida dokumentomgrepet. Definisjonen i offentleglova § 4 fyrste ledd tilsvarar ganske nøyaktig definisjonen i den tidlegare offentlegheitslova § 3 fyrste ledd andre punktum. Når det gjeld føresegna i offentleglova om at dersom eit innsynskrav ikkje er avgjort innan fem dagar, skal dette reknast som avslag som kan

Postadresse Kontoradresse
Postboks 8005 Dep Gullhaug Torg 4a
0030 Oslo 0484 Oslo

Telefon - sentralbord Plan- og
22 24 90 90 administrasjonsavdelinga
Org.nr.: 972 417 831 Telefaks
22 24 95 34

Sakshandsamar
Elin M Elverhøy
22 24 55 29
elin.elverhoy@jd.dep.no

påklagast, bør det presiserast at dette ikkje gjeld når innsynskravet er sett fram overfor eit departement, slik at Kongen i statsråd er klageinstans.

I omtala av tidsfristar for handsaming av innsynskrav etter miljøinformasjonslova på side 7 i rapportutkastet heiter det nedst på sida at dersom styresmaktene ikkje overheld dei nemnde fristane, kan dette klagast inn for overordna organ etter forvaltningslova. Etter miljøinformasjonslova § 15 fyrste ledd tredje punktum skal det reknast som eit avslag som kan påklagast, dersom svar ikkje er kome fram innan to månader etter at eit krav om innsyn vart motteke av det offentlege organet. Det går ikkje fram at det gjeld nokon slik rett til klage ved brot på fristane «snarest mulig» eller femten verkedagar.

Under omtala av konvensjonen artikkel 4 nr. 8 på side 10 i rapportutkastet, heiter det at det kan gjelde unntak frå utgangspunktet om at offentleg informasjon skal vere gratis, men at kostnadane aldri skal vere større enn dei faktiske kostnadane for avskrift, utskrift eller kopi. Det følgjer derimot av offentlegforskrifta § 4 fjerde til sjette ledd at det i nokre tilfelle kan takast betalt for informasjon, slik at betalinga omfattar dei faktiske kostnadane ved innsamling, produksjon, reproduksjon og formidling av informasjonen, med tillegg av ei rimeleg avkastning av investeringane, altså ei rimeleg forteneste. Dette gjeld etter fjerde ledd informasjon som utelukkande blir produsert eller tilarbeidd for å dekkje eit behov hjå eksterne aktørar, etter femte ledd geodata og eigedomsinformasjon hjå organ som har utarbeiding og utlevering av slik informasjon som ei hovudoppgåve i verksemda si, og etter sjette ledd på visse vilkår for organ som skal drivast på kommersiell basis, eller som skal vere sjølvfinansierande. Offentleglova § 8 tredje og fjerde ledd gjev heimel for desse føresegnene. Noko bør såleis rettast her i rapporten.

På side 14 er det under omtala av kva som er gjort for å implementere artikkel 5 nr. 2 og 3 i konvensjonen, vist til «lovregelen» og «lovbestemmelsen», men det går ikkje fram kva slags føresegu i miljøinformasjonslova eller annan lov det er tale om.

I tredje avsnitt på side 16 i rapportutkastet er Klagenemnda for miljøinformasjon omtala. Det bør gå fram at denne nemnda er regulert i miljøinformasjonslova § 19.


I nest siste avsnitt på side 25 i rapportutkastet er det sagt at som det går fram av «øvrige kapitler i denne redegjørelsen» gjev offentleglova rett til informasjon og opplysning i

tråd med krava etter annex I bis artikkel 3 og 5. Det bør her gå klart fram kva for punkt eller kapittel i rapporten ein siktar til.

Med vennleg helsing



Harald Aass
fagdirektør



Elin M Elverhøy
seniorrådgjevar